

Statsbudsjettet 2021 - kapittel 1429 post 72 - tekniske og industrielle kulturminne - Omtale av søknader

Nr	Kulturminne	Søkjær	Kommune	Søknad om	Omsøkt sum	Total kostnad	Tilskot	Tilsegn	Vurdering av søknad
1	Ne'fø sjøen Indre Ofredal	Indre Ofredal Vener	Årdal	Reparasjon av vassrenner til oppgangssag og mølle. Det skal skiftast fundament, bolverk og borddekke til begge.	1 490 738	1 590 738	400 000	0	<p>Det teknisk-industrielle kulturmiljøet på Indre Ofredal er av nasjonal verdi. Anlegget er ikkje freda, og ikkje i bevaringsprogrammet, men er svært verdifullt og samansett. Her er mellom anna sag, mølle, kai, vassrenner, hovudbygning og postkontor.</p> <p>Istandsettingsprosjektet har pågått i ei årrekke, med jamnlege tildelingar frå post 72 dei siste åra. I tråd med dette, og for å sikre framhald i istandsettingsarbeidet, er det tilrådd eit tilskot 2021 på 400.000 kr. til fundament, bolverk og bordekke til vassrenner for oppgangssag og mølle.</p>
2	Gangbruene på Soget	Hafslovatnet grunneigarlag	Luster	1. Reparasjon og utskifting av berekonstruksjonar 2. Legge nytt brudekke i treverk	190 000	280 000	0	110 000	<p>Gangbroene på Soget er kulturminne av nasjonal verdi, og er mellom NVE sine listeførte kulturminne. Desse viktige kulturminna har i dag ikkje stor nytteverdi for eigar. Det vert tilrådd tilsagn på 110.000 kr. for 2022. Midlane skal først nyttast til reparasjon og utskifting av berekonstruksjonar, resterande til nytt brudekke i treverk.</p>
3	Veteranbussene i Hordaland	Hordaland veteranbussforening	Bergen	Sikring, vedlikehald og istandsetting av 19 veteranbussar	500 000	500 000	0	200 000	<p>Rullande materiell er mellom tiltaka det kan gjevast midlar til frå ordninga, og som er gjeve midlar til tidlegare, men skal etter retningslinene ikkje prioriterast. Veterankøyretøy er ei gruppa kulturminne som manglar formelle vernemekanismer, og frivilligheita sin innsats er avgjerande for ivaretaking av slike kulturminne. Offentleg busstransport er viktige kulturminne som fortel om den fyrste tida i overgangen frå sjø til land i samferdslehistoria i Vestland.</p> <p>Foreslått tilsegn er 200.000 kr. til innkjøp deler og materiell, og til kostnader knytt til sikring og istandsetting av dei 19 veteranbussane. Bussane som har vore i drift i Vestland skal prioriterast.</p>
4	Nes gardssag	Kåre Nes	Kvam	Reparasjon og istandsetting av turbinen til gardssaga.	150 000	790 700	0	90 000	<p>Nes gardssag er mellom få bevarte turbindrivne gardssager i Vestland. Istandsettingsarbeidet har pågått i ei årrekke, med jamnlege tildelingar frå post 72. Søkjær er tildelt støtte til omsøkt prosjekt med istandsetting av turbinen frå ulike ordningar i 2020, men prosjektet er enno ikkje fullfinansiert.</p> <p>Foreslått tilsagn for 2021 er 90.000 kr. til istandsetting av turbinen.</p>
5	Bjørkedalsdammen	Kvinnherad kommune	Kvinnherad	1. Gjennomføring av naudsynte sikringstiltak for den nedlagte dammen. Det er framlagt 3 scenario, der alternativet riving er om lag 5.000.000 rimelegare. 2. FDV - lønsmidlar for å stanse pågåande forfall inntil vidare.	5 000 000	8 500 000	55 000	500 000	<p>Bjørkedalsdammen er del i kraftanlegget til Valen sjukeheim, som er forskriftsfreda i Landsverneplan for Helsesektoren. Grunna eit tomteskifte kunne ikkje kraftanlegget takast med i fredinga. Vestland fylkeskommune har i 2021 foreslått deler av Valen kraftanlegg til NVE sine listeførte kulturminne, også Bjørkedalsdammen. Anlegget har nasjonal interesse. Dammane her er populære turmål lokalt, på den gamle anleggsvegen til kraftanlegget. Kostnadane til ei langsiktig løysing vil pårekneleg ta tid å finansiere.</p> <p>Foreslått tilskot er til FDV løn 55.000 i 2021 til dekning av lønsmidlar for å stoppe akselererande forfall, og foreslått tilsegn til istandsettingsprosjektet er 500.000 kr.</p>

6	Odda Smelteverk - forvaltning, drift og vedlikehald	SNU på vegne av SNU og Ullensvang kommune	Ullensvang	Lønsmidlar og tilskotsmidlar til forvaltning, drift og vedlikehald av Cyanamidfabrikken, Råcyanamidsilo, Omn 3, Skalltaket, taubanen og Importkaien	2 678 382	2 678 382	1 902 289	0	<p>For å sikre kunnskap om korleis det store og mangfaldige anlegget Odda smelteverk skal sikrast og vedlikehaldast er det årleg tildelt midler til forvaltning, fridt og vedlikehald. Desse midlene har gått dels til å sikre kompetanse gjennom midler til løn, og dels til mindre, årleg omsøkte istandsettingsarbeid. Samarbeidsordninga mellom private og Ullensvang kommune har fungert godt, og er god ressursutnytting.</p> <p>Tilråding er 1 902 289 kr. til forvaltning, drift og vedlikehald for 2021. I tillegg kjem tildelte midlar frå 2020, overført til 2021 for vidare fordeling av Vestland fylkeskommune, til Odda Smelteverk FDV, på 257.833 kr. Desse kjem fram i saksframlegget vedtakspunkt 2.</p>
5	Odda smelteverk - Importkaien	Ingvar Torblå - Ullensvang kommune	Ullensvang	Rehabilitering av kaianlegg, istandsetting av tak, istandsetting av fasader mot sør, aust og nord.	8 640 760	8 640 760	0	300 000	<p>Odda smelteverk er freda, og er mellom dei 15 anlegga i bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne. Odda smelteverk har internasjonale kulturminneinteresse. Anlegget er særleg stort med mange bygg og produksjonsmateriell, og har status ikkje istandsett.</p> <p>Importkaien i Odda smelteverk står på ein kai på pillarer i sjøbotnen, er utan tak og står med nakne betongveggar med opningar mot ver og vind. Maskineri og produksjonsline er eksponert for nedbryting. Det vert søkt om tiltak på fasader, tak og fundament kai.</p> <p>Kostnadssummen er for stor til å kunne prioriterast på eitt år. Etter ei fagleg vurdering, og i samråd med søkjar, er rett rekkefølge på tiltaka kai og fundament, så tak og til slutt fasader. Vestland fylkeskommune har løyva 2.000.000 kr. frå post 71 i 2020, til sikring av kaien. Dette dekker opp mot halve kostnadene. Arbeidet med kaien skal ta til snarleg. Tiltaket er støtteverdig. Tilrådd tilsegn på 300.000 kr. gjev langsiktigheit til kaisikringa.</p>
7	Odda smelteverk - Omn 3	KML eiendom/SNU AS	Ullensvang	Vask og maling austvegg, etablering ny port og sikring austvegg 1.etasje, straumforsyning og eige straumskap alle etasjer, rydding og tilbakeføring kontrollrom.	1 620 000	1 620 000	820 000	450 000	<p>Odda smelteverk er freda, og er mellom dei 15 anlegga i bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne. Odda smelteverk har internasjonale kulturminneinteresse. Anlegget er særleg stort med mange bygg og produksjonsmateriell, og har status ikkje istandsett.</p> <p>Den store Omn 3 er eit uisolert bygg utan straum, med vatn på golvnivå, karbidstøv på alle nivå, og industrielt slagg og skitt på fasadane. Det pågår no prosjektering for ny bruk av 1.etasje til venterom og turistinformasjon i Odda.</p> <p>Omn 3 har vore høgt prioritert for istandsetting med tildelte midlar frå post 72 dei siste åra. Framhaldt prioritering vil gjere ny bruk av bygningen meir sannsynleg, og kan utløyse stor samfunnsnytte i Ullensvang. Tilrådd tilskot er 820.000 kr. til vask og maling austfasade og sikring/ny port 1.etasje austfasade. Tilrådd tilsagn er 450.000 kr. til opprydding og istandsetting av kontrollrom.</p>

8	Odda smelteverk - Cyanamidfabrikken	KML Eiendom 2-SNU	Ullensvang	Nytt golv/toppstøp i hall i bygg 105, mulighetstudie Frank-Caro-omnar, Sikring post til silo 113, rydding og avklaring utstyr i hall bygg 109, reparasjon tregolv kring Franc Caro-omnar.	1 650 000	1 650 000	65 000	0	<p>Odda smelteverk er freda, og er mellom dei 15 anlegga i bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne. Odda smelteverk har internasjonale kulturminneinteresse. Anlegget er særleg stort med mange bygg og produksjonsmateriell, og har status ikkje istandsett.</p> <p>I Cyanamidfabrikken står den største samlinga av Franc Caro-omnar i verda. Cyanamidfabrikken har vore tildelt midlar til sikring og istandsetting frå post 72 i ei årrekke, men dei siste åra er eksteriøret betra og forfallet er i vesentleg grad bremsa. Tildelingane har gått ned dei siste åra medan andre deler av Odda smelteverk har vorte tildelt midlar, då tilhøva har vore vurdert som meir kritiske der.</p> <p>Fleire av dei omsøkte tiltaka er av mindre omfang, og det verdifulle interiøret med den internasjonalt framstående produksjonslina står førebels rimeleg trygt. Nytt golv og toppstøp er for omfattande til å finansierast på eitt år. Det vert også tildelt midlar til istandsetting og sikring av mindre tiltak på Cyanamidfabrikken gjennom tildelte midlar til forvaltning, drift og vedlikehald, jf. linje 6. Tiltaka er støtteverdige, men det vert foreslått å prioritere andre deler av Odda smelteverk i år, med prioritet å stogge akselererande forfall. Tilrådd tildeling er til 65.000 kr. til sikring av port Råcyanamidsilo 113.</p>
9	Odda smelteverk - taubanen	KML eiendom/SNU AS - Ullensvang kommune	Ullensvang	Total rehabilitering og istandsetting av taubanen på heile strekninga, og mulighetsstudie for ny bruk av taubanen.	5 700 000	5 700 000	0	0	<p>Odda smelteverk er freda, og er mellom dei 15 anlegga i bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne. Odda smelteverk har internasjonale kulturminneinteresse. Anlegget er særleg stort med mange bygg og produksjonsmateriell, og har status ikkje istandsett.</p> <p>Taubanen går frå Importkaia i nord til Skalltaket i sør, og heng i master som står med jamne mellomrom på heile strekket. Eigedomstilhøva er delte mellom private og Ullensvang kommune. Taubanen er ikkje i drift, og på sikt kan det være eit risikobilete knytt til taubanen gjennom Odda sentrum om vedlikehald og istandsetting ikkje vert utført.</p> <p>Dei omsøkte prosjekta er klart støtteverdige, men store. Det tilrådest ikkje å prioritere tildeling av midlar til taubanen i år, grunna større forfallsbilete andre stader i Odda smelteverk.</p>
10	Odda smelteverk - Lindehuset	Kraftmuseet	Ullensvang	Restaurering og istandsetting av rom 101, 103, 104, 105, 111, 113 og 115	5 403 935	5 403 935	800 977	0	<p>Odda smelteverk er freda, og er mellom dei 15 anlegga i bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne. Odda smelteverk har internasjonal kulturminneinteresse. Anlegget er særleg stort med mange bygg og produksjonsmateriell, og har status ikkje istandsett.</p> <p>Lindehuset er eit nøkkelbygg i prosesslinja i Odda smelteverk, og fleire nyvinnande prosessar som i dag er nytta over heile verda vart utvikla her. I Lindehuset er heile prosesslina bevart, frå rom til rom, før den går vidare til Cyanamidfabrikken. Den har kun vore minimalt vedlikehelden dei siste 20 åra.</p> <p>Arbeidet med eksteriøret på Lindehuset går mot slutfasen. Istandsetting av interiøret er for stort til å handtere på eitt år. Tilrådinga er tildeling av 800 977 kr. til restaurering og istandsetting av rom 111.</p>

10	Odda smelteverk - skalltaket	KML Eiendom - SNU	Ullensvang	Utskifting av takbelegg, rehabilitering og rydding/smøring/sikring av transportbelter og knuser, legge fast dekke i deler av bygget, rehabilitering betongsøyler - jernstiger, rehabilitering og rydding/smøring/sikring av transportbelter under bakken, rehabilitering og rydding/smøring/sikring av transportbelter mot vest, sikring av transportrør mellom skalltaket og Omn 3 ved wireoppheng.	3 220 000	3 220 000	720 000	0	<p>Odda smelteverk freda, og er mellom dei 15 anlegga i bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne. Odda smelteverk har internasjonale kulturminneinteresse. Anlegget er særleg stort med mange bygg og produksjonsmateriell, og har status ikkje istandsett.</p> <p>Skalltaket er ein svært stor, open konstruksjon med transportbelter i endegavl, mot vest og under bakken. Alle konstruktive ledd i bygningen står eksponert for været. Taubanen går hit, og det står ulike rørender att etter tidlegare rivingsprosessar.</p> <p>Tiltaka er klart støtteverdige, og etter ei vurdering der risiko og forfallsbilete er prioritert innafor rammene for tildeling er tilrådinga å tildele 720 000 kr. til 3 tiltak som omsøkt: utskifting av takbelegg, rehabilitering betongsøyler - stigmjern, og sikring av transportrør mellom skalltaket og omn 3 ved wireoppheng.</p>
11	Laksevåg verft - maskinverkstedet	Marin eiendomsutvikling AS	Bergen	Utskifting av tak, rehabilitering av vegger, tilstandsrapport med tilrådingar og kalkyle.	12 250 000	18 300 000	0	100 000	<p>Laksevåg Verft er eit stort og omfangsrikt kulturmiljø i eit område der verftsindustrien har prega byutviklinga sidan slutten av 1800-talet. Det ligg ikkje føre nasjonale registreringar av denne typen tekniske og industrielle kulturmiljø, og dei er store og kostnadskrevjande.</p> <p>Maskinverkstaden står i dag med lite igjen av maskineri i hallen, men står med ein godt bevart produksjonsbygning i eit stort kulturmiljø etter Laksevåg verft, og er regulert til bevaring av Bergen kommune.</p> <p>Istandsettingstiltaket er så stort, og forfallsrisikoen ikkje vektig nok til å kunne prioritere istandsettingstiltaket i år. Tilrådd tilsegn er 100.000 til utarbeiding av tilstandsrapport med tilrådingar og kalkyle.</p>

12	Salhus Tricotagefabrik	Tekstilindustrimuseet - Museumssenteret i Hordaland	Bergen	Nytt sprinkleranlegg, ny innbrottsalarm, nytt brannvarslingsanlegg, nye varmepumper i karderiet, ny brannsikringsplan, oppgradering av elektrisk anlegg, oppmuring av natursteinsmur og tilkomstveg	1 998 494	3 048 404	358 500	0	<p>Salhus Tricotagefabrik er freda, og er eit stort anlegg med fleire fabrikkbyggetrinn, bustader, aldersheim, skulebygning m.m. i store deler av Salhus. Særleg verdifullt med Salhus Tricotagefabrik er at produksjonslina er operativ. Dette gjer at kunnskap av drift av maskinparken og produksjonsmetodane må prioriterast.</p> <p>Salhus Tricotagefabrik har status istandsett i bevaringsprogrammet, men det vil venteleg oppstå større eller mindre skader med jamne mellomrom, i det bratte terrenget, ved sjøen, og med elv under deler av anlegget. Tiltaka det vert søkt om til brann og elektrisk er tidlegare omsøkt frå post 72, og fekk då avslag. Direktoratet tilrådde då søkjar å sjå etter andre ordningar, t.d. hjå Kulturdepartementet. Det vert også tildelt store midlar til forvaltning, drift og vedlikehald av anlegget, jf. linje 13, i tråd med den høge verdien til produksjonslina.</p> <p>Tilrådd tilskot for 2021 er 358 500 kr. til oppmuring av utrasa natursteinsmur og tilkomstveg. Dersom dette ikkje vert utført vil skadebiletet auke.</p>
13	Salhus Tricotagefabrik	Tekstilindustrimuseet - Museumssenteret i Hordaland	Bergen	Lønsmidlar til forvaltning, drift og vedlikehald, ordinær forvaltning, drift og vedlikehald	4 056 004	4 056 004	3 067 468	0	<p>Salhus Tricotagefabrik er freda, og er eit stort anlegg med fleire fabrikkbyggetrinn, bustader, aldersheim, skulebygning m.m. i store deler av Salhus. Særleg verdifullt med Salhus Tricotagefabrik er at produksjonslina er operativ. Dette gjer at kunnskap av drift av maskinparken og produksjonsmetodane må prioriterast.</p> <p>Salhus Tricotagefabrik er særmerka ved å ha funksjonell produksjonsline. Det er viktig å halde denne i stand, syte for deler, reparasjonar og justere maskinene. Det er også viktig å sikre kompetansen som skal til for å drive maskinparken på lang sikt. Dette krev store midlar til forvaltning, drift og vedlikehald.</p> <p>Tilrådd tilskot for 2021 til forvaltning, drift og vedlikehald er 3 067 438 kr. I tillegg kjem udisponerte restmidlar frå 2020, overført til vidare fordeling av Vestland fylkeskommune, til Salhus Tricotagefabrik, på 364 536 kr., samt godkjent overføring av 300.000 kr. til ekstraordinære lønsmidlar i 2021, til forvaltning, drift og vedlikehald. Dette vil gje ei samla ramme til forvaltning, drift og vedlikehald på 3 731 971 kr..</p>
14	Tyssedal kraftstasjon	Kraftmuseet	Ullensvang	Lønsmidlar til forvaltning, drift og vedlikehald, fjernvarme og teknisk straum, samt ordinære forvaltning-, drift- og vedlikehaldstiltak.	1 260 000	1 260 000	1 077 050	0	<p>Tyssedal kraftstasjon er freda etter kulturminnelova, og er i Bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne.</p> <p>Det er viktig for tilstandsgraden til Tyssedal kraftstasjon å varme opp bygningsmassen, som ikkje er konstruert for å halde på varmen. Tiltaka som er omsøkt er støtteverdige. Tilrådd tilskot for 2021 er 1 077 505 kr. til tiltaka som er omsøkt. Riksantikvaren har overført 172 950 kr. i ubrukte midlar til forvaltning, drift og vedlikehald som skal fastsetjast av Vestland fylkeskommune. Tilsaman dekkar dette behovet som kjem fram i omsøkt sum.</p>

15	Gamle Innvik Ullvarefabrikk	Stiftelsen Gamle Innvik Ullvarefabrikk	Stryn	Mulighetsstudie, tilstandsregistrering, straksreparasjonar på "tørkehuset", og istandsetting av den store produksjonsbygningen.	2 100 000	2 850 000	50 000	250 000	Gamle Innvik Ullvarefabrikk er ein stor produksjonsbygning med mindre bygg kring seg, og med rester av produksjonslina intakt. Konfeksjonsindustri var og er viktig og typisk for områda Nordfjord og Sunnmøre. Store anlegg og ressurskrevjande prosjekt bør byrje med god planlegging. Tilråding er 50.000 kr. til nødreparasjonar, 100.000 kr. i tilsagn til tilstandsregistrering, og 150.000 kr. i tilsegn til mulighetsstudie.
16	Mogeleg produksjonsområde Stad	Inger Mette Elisabeth Sefland	Stad	Registrering av mogeleg teknisk-industrielt produksjonsområde for ekserserplassen på Nordfjordeid.	55 000	110 000	0	0	På eigar sin eigedom er det tidlegare påvist restar og fragment etter aktivitet som ser ut til å være i ein viss skala, og knytt til etter-reformatorisk produksjon. Det er foreslått at aktiviteten på staden kan ha samband med ekserserplassen på Nordfjordeid. Det vert søkt midlar til registrering av området. Området er ikkje synfart. Tiltaket kan ikkje seiast å være tilrådeleg for prioritering innafør rammene for tildeling, før området er synfart og vurdert.
17	Vestlandske Træskofabrikk	Astrid Faugstad	Vaksdal	Avretting stenderverk og utskifting dårleg materiale, ny kledning og nytt tak.	350 000	700 000	0	0	Vestlandske Træskofabrikk på Fossmark i Vaksdal er ikkje synfart. Fotografi viser endringar i eksteriøret. Det er uvisst om her er noko att av produksjonsutstyr. Med berre 9 500 000 kr. til fordeling til søknader på omkring 60 000 000 kr. må det prioriterast hardt. Det kjem ikkje fram i søknad at kulturminneverdien er tilstrekkeleg høg til å utløyse midlar i prioriteringa. Tilråding er avslag.
18	Sellevåg Treskofabrikk	Magne Sellevåg	Gulen	Linoljemaling sør.	12 000	15 200	12 000	0	Den freda Sellevåg treskofabrikk i Gulen har fullt operativ produksjonsline, og har i tillegg funksjonell dam, rørgate og aggregat til drift av produksjonslina. Siste operatør er framleis på staden. Sellevåg treskofabrikk har vore tildelt midlar frå post 72 i ei årrekke. Tilråding for 2021 er 12.000 kr. til linoljemaling, som omsøkt.
19	Prosjekt rekonstruksjon Halsnøybåten	Halsnøy historiske senter	Kvinnherad	bygging av utstillings- og undervisningsmodell av kravellbygd skøyte 30-50 fot	997 000	997 000	0	0	Søknaden tek ikkje direkte sikte på å ivareta eit fysisk kulturminne, men tek sikte på å ivareta ein kulturarv som praktiserast i eit bestemt kulturmiljø. Søknaden vert ikkje prioritert i år, og er på grensa til verkeområdet for ordninga. Tilråding er avslag.
							SUM tilskot og tilsegn 2021	9 328 284	2 000 000
							Avsett til fordeling seinare i året	171 746	
							Tilgjengelege midlar i post 72	9 500 000	2 000 000